

Personvernerklæring

Vindafjord bibliotek handsamar dine personopplysningar i samsvar med den gjeldande personopplysingslova. Denne personvernerklæringa skildrar kva for personopplysningar me registrerer når du blir låner hjå oss, nyttar «Mine sider», det meirpropne bibliotektilbodet vårt og vitjar denne nettsida (seinare omtalt samla som tenestene våre).

Vi oppmodar deg til å lese grundig gjennom denne personvernerklæringa. I omgrepet personopplysningar meiner me opplysningar og vurderingar som kan knytast til deg som enkeltperson.

Behandlingsansvarlig

Vindafjord bibliotek («Biblioteket») er ansvarleg for handsaming av personopplysningar i samband med tenestene våre. Dersom du har spørsmål eller kommentarar til personvernerklæringa eller rettane dine etter personopplysingslova, kan du kontakte oss på biblioteket, kommunen eller personvernombodet. Biblioteket kan du kontakte på: vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no

Lånehistorikk og lånedata – personopplysningar i biblioteket sitt system for utlån

For å låne bøker og andre medium må du ha eit bibliotek kort som du får ved å frivillig registrere deg som lånar i vårt biblioteksystem BIBLIOFIL og i appen/nettsida Allbok (for lån av e-bøker og lydbøker). Det er inngått avtale om datahandsaming med systemleverandørane som sikrar at tredjepart ikkje kan bruke personopplysningar utover det biblioteket som behandlingsansvarleg har bestemt.

Biblioteket handsamar personopplysningar du sjølv gir oss. Det rettslege grunnlaget for slik handsaming er låneavtalen (GDPR artikkel 6 nr.1b – «behandlingen er nødvendig for å oppfylle en avtale som den registrerte er part i»).

For å låne bøker og andre medium, eller nytte mange av dei andre av tenestene våre, må du ha eit lånekort. Du får eit slikt kort når vi registrerer deg som lånar. Dersom du har nasjonalt lånekort frå eit anna bibliotek, kan me knyte det til biblioteket vårt. Du treng ikkje meir enn eitt nasjonalt lånekort. Dei same opplysningane vert handsama anten me registrerer deg som ny lånar, eller me knyter eit lånekort du allereie har til biblioteket vårt.

Standardinnstillinga i biblioteksystemet (Bibliofil) er at opplysningar om kva du låner vert sletta når du leverer tilbake lånet, eller betaler erstatning for materiale som er tapt eller skada medan du har disponert det. Du kan gå inn i innstillingane og slå på (og av) lagring av lånehistorikk.

Lagring av lånehistorikk inneber at systemet lagrar informasjon om låna dine. Informasjonen inkluderer informasjon om materialet som vert lånt, dato og klokkeslett for utlån og innlevering og kva for bibliotek/filial materialet vert lånt eller levert tilbake ved. Du kan logge deg inn på «Mine sider» og velje at systemet skal hugse lånehistorikken din. Eit slikt aktivt val er å rekne som samtykke. Viss du seinare ombestemmer deg og vel bort lagring av lånehistorikk, vil heile historikken bli sletta.

Når me registrerer deg som lånar, vil me sankar inn og lagre opplysingane dine om fornamn, etternamn, kontaktinformasjon (adresse, e-post og telefonnummer), fødselsdato og fødselsnummer/ID-nummer og heimebibliotek (det biblioteket du nyttar mest).

Me treng namnet ditt og kontaktinformasjon for å administrere lån, og dermed oppfylle avtalen me har med deg. Me treng fødselsdatoen din fordi den bestemmer kva du kan låne av oss og kva for rettar du har. Vidare sankar me inn fødselsnummer/ID-nummer for å kunne kople deg til nasjonalt lånarregister. Fødselsnummeret er naudsynt for eintydig identifikasjon av personar. Du kan reservere deg mot å gje opp heile fødselsnummeret ditt, men da kan me berre gje deg eit lokalt lånekort. Dette lånekortet gjeld berre i vårt bibliotek.

Nasjonalt lånarregister

Dette er ein nasjonal database med personopplysingar om bibliotekbrukarar. For at ein skal kunne bruke nasjonale lånekort, vert lånarane registrerte i ein felles database. I denne databasen vert det lagra opplysingar om:

- Lånarnummer
- Fødselsdato
- Kjønn
- Kryptert fødselsnummer
- Namn
- Inntil to postadresser
- Telefonnummer
- E-postadresse
- Føretrekt kontaktmetode: brev, e-post eller SMS
- Heimebibliotek: det biblioteket du bruker mest
- PIN-kode for sjølvbeteningsautomatar og biblioteka sine web-løysingar
- Opplysingar om kva for bibliotek lånaren er knytt til

Det vert ikkje lagra opplysingar om utlån, reserveringar eller andre tilhøve mellom lånaren og det enkelte biblioteket i denne basen. Ingen av opplysingane i Nasjonalt lånarregister er sensitive etter personopplysingslova.

I Nasjonalt lånarregister er det lagt vekt på å følge reglane for handsaming av personopplysingar:

- Adresseopplysingane dine vil ikkje bli selde eller gitt vidare til andre.
- All kommunikasjon mellom det enkelte biblioteket og det nasjonale lånarregisteret er kryptert og beskytta av brukarnamn og passord.
- Opplysingane vil bli oppbevart til lånaren krev dei fjerna, eller eit av biblioteka lånaren er knytt til får melding om dødsfall.
- Nasjonalbiblioteket er behandlingsansvarleg for opplysingane i nasjonalt lånarregister.
- Du kan sjå kva for opplysingar som er lagra om deg ved å logge deg inn på <https://nb.bib.no/> med lånarnummer og pinkode/passord eller med bankID eller liknande.
- Du kan krevje opplysingane endra eller sletta i alle biblioteka der du nyttar kortet.

Bruk av informasjonskapslar (cookies) på
<https://www.vindafjord.kommune.no/kultur-og-fritid/bibliotek/>

Biblioteket sanka inn opplysningar om besøkande på sine nettsider. Dette gjer me ved bruk av informasjonskapslar. Informasjonskapslar er små tekstfiler som blir lagra på datamaskinen din når du besøker ei nettside. Lagring og handsaming av opplysningar som blir sanka inn ved bruk av slike informasjonskapslar er bare tillat om brukaren har blitt informert om og har gitt samtykke til handsaminga. Brukaren skal vete og godkjenne kva opplysningar som handsamast, kva formålet med handsaminga er og kven som handsamer opplysningane.

Formålet med bruk av informasjonskapslar

Vindafjord bibliotek («Biblioteket») sanka inn data ved bruk av informasjonskapslar for analyseformål. I dette ligg at me måler trafikk og kva bruk det er av nettsida og tenestane. Denne informasjonen brukar me blant anna for å gjere biblioteket si nettside så tilpassa og godt fungerande som mogeleg.

Kva opplysningar vi sanka inn ved bruk av informasjonskapslar

Biblioteket sanka inn og handsamer IP-adresser, samt besøkande si åtfærd på nettsida ved bruk av informasjonskapslar.

Biblioteket bruker informasjonskapslar frå tredjepart for å utføre webanalyser og for å ta i bruk webanalyseverktøy. Biblioteket bruker i all hovudsak Google Analytics til dette. Når biblioteket gjer bruk av Google Analytics, vil biblioteket alltid ha funksjonen for anonymisering til verktøyet aktivert. [Les meir om Googles personvernregler her.](#)

Kven som nyttar opplysningar sanka inn via informasjonskapslar

Opplysningane som blir sanka inn via informasjonskapslar på **<https://www.vindafjord.kommune.no/kultur-og-fritid/bibliotek/>** vil berre nyttast internt. Opplysningane vil ikkje førast vidare til tredjepartar ut over det som er spesifisert over.

Du kan sjølve administrere bruk av informasjonskapslar

Ønsker du ikkje at nettlesaren din skal utlevere informasjon om ditt besøk på **<https://www.vindafjord.kommune.no/kultur-og-fritid/bibliotek/>**, kan du endre innstillingane i nettlesaren din. Vær merksam at nettstaden ikkje vil fungere optimalt dersom du ikkje aksepterer informasjonskapslar. Du kan sjølve slette informasjonskapslar frå menyen i nettlesaren. Informasjonskapslane vil bli oppretta igjen neste gang du besøker nettstaden vår, med mindre du har endra innstillingane.

Sosiale medium

Funksjonen «Del med andre» kan brukast til å sende vidare lenker til nettstaden på e-post, eller til å dele innhaldet på sosiale medium. Opplysningar om tips blir ikkje logga hjå oss, men brukast berre der og då til å leggje inn tipset hos sosiale medium. Me kan ikkje garantere at nettsamfunnet ikkje logger desse opplysningane. Alle slike tenester bør derfor brukast med vett, og me tilrår deg å lese gjennom personvernerklæringane til nettsamfunna. Dersom du nyttar e-postfunksjonen,

bruker me bare dei oppgitte e-postadressene til å sende meldinga vidare utan nokon form for lagring.

E-post

Når du kommuniserer med oss via vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no blir utvekslinga av meldingar lagra mellomels slik at me kan hjelpa deg best mogeleg. Utvekslinga av e-post blir lagra i kommunen sitt e-postsystem og blir sletta når den er ferdig handsama. Arkivpliktig kommunikasjon, til dømes formelle klager, blir lagra i kommunen sitt arkivsystem.

Rutinar for lagring og informasjonstryggleik

Dine personopplysningar vil bli lagra og handsama i samsvar med gjeldande lovgjeving for personvern. Biblioteket vil gjennom planlagde og systematiske tiltak syte for tilfredsstillande informasjonstryggleik med omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit ved handsaming av dine personopplysningar. Dine personopplysningar vil berre bli lagra hjå biblioteket så lenge det ligg føre eit sakleg behov for dette. Det vil ikkje under nokon omstende bli lagra lenger enn det som følger av den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving for personvern. Opplysningane vil bli sletta eller gjort anonyme når saklig behov ikkje lenger ligg føre.

Utlevering av opplysningar

Dine personopplysningar kan bli gjort tilgjengelige for leverandørane som etter avtale med oss har ansvar for den tekniske eller administrative drifta av vårt nettsted og våre tenester. Når me gjev tredjepart tilgang til personopplysningar på denne måten, sikrar me at desse tredjepartane overheld våre krav til handsaming av personopplysningar og gjeldande lovgiving.

Personopplysningar kan også bli utlevert om det ligg føre lovheimel for dette eller me blir pålagt dette av ein domstol eller anna offentleg myndighet. Personopplysningane vil ikkje bli utlevert til land utanføre EU/EØS.

Personvernerklæring for Bibliofil frå systemleverandøren Bibliotek-Systemer finner du på <https://bibsyst.no/personvernerklaring.html>

Personvernerklæring for Allbok frå systemleverandøren Bokbasen finner du på: <https://support.allbok.no/hc/no/articles/360011008820-Personvern-og-datasikkerhet>

Sommerles er en digital lesekampanje som krev personlig pålogging for barn i 1.- 7. klasse. Personvernerklæring frå leverandøren Snuti finn du på <https://sommerles.no/?lisens=&lang=nn>

Pressreader er en digital avis og tidsskriftteneste som ikkje krev personlig innlogging. Biblioteket handsamer ingen persondata frå Pressreader. Personvernerklæring for Pressreader finn du på: <https://care.pressreader.com/hc/en-us/articles/205818089-Privacy-Policy>

Tilgangskontroll i samband med meirope bibliotek

Når du nyttar lånekortet ditt for å få tilgang til biblioteket utanom betent opningstid, vert namn, bilete og lånarnummer lagra. Dette er naudsynt for å identifisere og godkjenne lånarane.

Kameraovervaking er ein del av tilgangskontrollen. Det vert tatt videoopptak av aktivitetar i dei meirope biblioteklokala. Føremålet med tilgangskontrollen er å sikre verdiar og personar som nyttar biblioteket i det tidsrommet det ikkje er personale til stades. Det rettslege grunnlaget for slik kontroll er å ivareta legitime interesser, jamfør GDPR artikkel 6 nr.1f. Opptaka frå tilgangsloggen og overvakingsskamera vert sletta automatisk etter 7 dagar. Dersom det skjer ei uønskt hending, kan ein skru av den automatiske slettinga av video-opptaka, og filmen vil bli lagra i mens ein ventar på etterforsking.

Du kan når som helst avslutte ditt medlemskap ved å kontakte oss på: vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no Uteståande lån må leverast tilbake før medlemskap kan slettast.

Din rett til å krevje innsyn, retting, sletting, avgrensing av handsaming og overføring av data

Du har til ein kvar tid rett til innsyn i de opplysningar som er registrert om deg og kan krevje retting, sletting (inkludert retten til å bli gløymt) og rett til avgrensing av handsaminga i samsvar med gjeldande lovgjeving for personvern. Dersom du ønsker å starte opp dei nemnde tiltak, kan du når som helst kontakte oss på vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no

Du har vidare rett til å krevje å få personopplysningar som du har gitt biblioteket i eit strukturert, alminneleg brukt og maskinleseleg format (dataportabilitet), i samsvar med personvernforordninga. Dersom det er teknisk mogleg, kan du også krevje å få overført personopplysningane direkte frå biblioteket til ein annan handsamingsansvarleg.

Sjekkliste for innsyn, retting, sletting og overføring av persondata

Før du blir sletta frå lånarregistra i eit bibliotek, må alle lån være tilbakelevert og eventuell gjeld oppgjort.

Dersom du er registrert ved fleire ulike bibliotek, må du kontakte kvart enkelt bibliotek for å bli sletta i systemet hjå dei. Du finn ei oversikt over bibliotek som ditt nasjonale lånekort er registrert ved her: <https://nb.bib.no/cgi-bin/m2>

Biblioteket bruker denne sjekklista for innsyn, retting, sletting og overføring av persondata.

System	Leverandør	Kontakt	Kundestøtte
Bibliofil	Bibliotek-systemer	firmapost@bibsyst.no	https://bibsyst.no/berrede støtte/
Allbok	Bokbasen	support@allbok.no	https://allbok.no/
Sommerles	Snuti / Vestfold og Telemark fylkeskommune	sommerles@snuti.net	https://sommerles.no/?kontakt
Nasjonalt lånerregister	Nasjonalbiblioteket	nasjonaltlanekort@nb.no	https://nb.bib.no/cgi-bin/m2

Klageorgan

Om du meiner at biblioteket har handsamma dine personopplysningar i strid med gjeldande lovgiving for personvern kan du når som helst klage til [Datatilsynet](#).

Endringar

Biblioteket kan revidere denne personvernerklæringa ved endringar i handsaminga av personopplysningar eller ved endringar i gjeldande lovgiving. Når personvernerklæringa blir endra, vil den nye personvernerklæring bli publisert på vår heimeside. Dersom eventuelle endringar har innverknad for ditt personvern under denne personvernerklæringa, vil slike endringar bli gjort godt synlege. Om endringane relaterer seg til handsaminga av dine personopplysningar som me gjere med grunnlag i ditt samtykke, vil du få høve til å gje eit nytt samtykke.

Kontakt

Dersom du ønsker meir informasjon om vår handsaming av personopplysningar, kan du kontakte oss på vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no